



Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2571 - 19/18410

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
12.06.2019

## Stadfestar mottatt klage på vedtak om frådeling av bustadtomt - gbnr 191/5 Nepstad

**Tiltak:** Dispensasjon for deling av grunneigedom  
**Byggjestad:** Gbnr: 191/5 Sjosidevegen 138  
**Tiltakshavar:**  
**Ansvarleg** Bjørn Henning Hopsdal Nepstad  
**søklar:**

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den 11.06.2019.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesakforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav c. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker, jf. SAK § 7-1 1.ledd bokstav f.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen handsama av Plan- og miljøutvalet.

Handsaminga i Plan- og miljøutvalet kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

### Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I motteke klage er det oppmoda om utsett iverksetting av vedtak frå Plan- og miljøutvalet datert 15.05.2019. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.



Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka, sjå Ombodsmannen si årsmelding 1985 s. 154. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, t.d. uoppretteleg skade eller tap for partane.

I vedtaket som er fatta er det gitt dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommuneplanen sin arealdel. Det ligg ikkje føre søknad om oppretting av ny grunneigedom på noverande tidspunkt.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsatt iverksetjing av vedtaket om dispensasjon inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga har administrasjonen lagt særleg vekt på at det ikkje er føremålstenleg å handsame ein eventuell søknad om løyve til oppretting av ny grunneigedom før klagen på dispensasjonvedtaket er endeleg avgjort då eventuelle omgjerding av dispensasjonsvedtaket vil føre til at eit eventuell løyve også må gjerast om. Det er vidare lagt vekt på at eit vedtak om utsatt iverksetjing får mindre konsekvens for tiltakshavar.

Det vert gjeve utsatt iverksetting av vedtaket om dispensasjon til oppretting av ny grunneigedom til bustadføremål fatta av Plan- og miljøutvalet den 15.05.2019 i sak 048/19.

Denne avgjerda etter forvaltningslova § 42 er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Bjørn Henning Hopsdal Nepstad	Skarvatunvegen 283	5637	ØLVE
Bjørn Henning Hopsdal Nepstad	Skarvatunvegen 283	5637	ØLVE

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-------------------------	--------------	------	-----------